



Søknad om dispensasjon i samband med riving av gammal fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad på GBNR 327/74 i Alver kommune.

Det vert søkt om riving av eksisterande gammal fritidsbustad og oppføring av nytt bygg.  
Søknad om riving er det ikkje krav om dispensasjon for då dette er i samsvar med punkt 3.2.2 Spreidd fritidsbustad i KPA.

*Tiltaket krev dispensasjon frå pbl § 1-8, forbod om tiltak langs sjø, samt kommunedelplan der område er avsett til LNF (spreidd fritidsbustad).*

Bakgrunnsinformasjon:

Hytta på gbnr 327/74 vart oppført i 1966. Hytta står på påler og delvis på leca konstruksjon. Enkel konstruksjon med ein del vass-skader, råte- og maur problem. Grunnflata er om lag 21m<sup>2</sup> BYA.

Det er gitt ferdigattest til naustet som høyrer til tomten i 2021.

**Ny søknad omfattar:**

Riving av gammal konstruksjon, grunn-, terreng- og betongarbeid for oppføring av ny fritidsbustad med grunnflate 52m<sup>2</sup> BYA og buareal på 64 m<sup>2</sup> BRA.

Vasstilførsel kjem frå eksisterande brønn. Det vert montert filter for å unngå problem med vassinstallasjon. Drikkevatn vert medbragt. Det vert montert gråvannstank for oppsamling av forbruksvatn til dusj, vask/ oppvask. Det vert installert forbrenningstoalett.

Materialer og utstyr i gammal konstruksjon vert sortert og levert til NGIR.

**Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:**

Tiltaket vil forbetre det estetiske uttrykket og også i svært stor grad energibruken. Dette sjølv om storleiken innebærer at det ikkje er sett krav til dokumentasjon av dette. Konstruksjonen vert levert i elementer og dette fører til svært god kontroll under utføring.

Slik vi ser det vil tiltaket ikkje være til ulempe for nabobar eller omgjevnader og miljø.

Ing. Taule AS

Karl Atle Taule